

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Postboks 291
5203 OSDato: 05.07.2017
Vår ref.: 2016/5778-12
Saksbehandlar: oysskar
Dykkar ref.:

Innspel om kulturminne - Detaljregulering for Eidsvåg skole - varsel om utvida planområde og ekstra formål - Bergen kommune – krav om arkeologisk registrering

Vi viser til brev datert 28.06.2017 i samband med utviding av planområde og ekstra formål i detaljregulering for Eidsvåg skole. I det følgjande vert berre tema om kulturminne omtala. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Delar av området som er teke med i utvidinga av planen har potensial for funn av automatisk freda kulturminne frå fleire fasar av steinalderen. I samband med reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Eidsvågvegen har Fylkeskonservatoren kravd ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova. Planområdet for Eidsvåg skole overlappar delvis med denne planen, men omfattar også nye område som har potensial for funn frå forhistorisk tid.

Hordaland fylkeskommune varslar at det vert naudsynt med ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova i samband med reguleringsplan for Eidsvåg skole. Vi vil utarbeide eit kostnadsoverslag og sende over for godkjenning.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Øystein Skår
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.